

Enkel skuldersveske a la ohelene



Mønsteret er til privat bruk og du kan
ikkje selge verken mønsteret i seg sjølv
eller vesker laga ut frå det.

Du treng to ulike stoffer – ca 70 x 90cm av kvar.

Klipp forstykke og bakstykke til veska identiske men spegelvendte i både ytter- og innerstoff etter malen på siste side.

Klipp ut to bitar til skulderrem 12 x 55cm og skjær enden til ein spiss i 90 grader vinkel (legg dobbelt og skjær av i 45 grader med spissen i bretten).



Start med veskedelene. Sy saman i sidene – rettside mot rettside på både innerstoff og ytterstoff. Fire saumar.



Du har no to sylinderar – ein i ytterstoff og ein i forstoff.

Sy på dei fire skulderreimene i vinkelen som dannar seg mellom framstykke og bakstykke. Sy først eine delen av vinkelen fast,



vri så skulderreima over mot andre sida i vinkelen og sy vidare. Det skal no sjå slik ut:



Gjenta for den andre delene av skulderreima i forstoff og dei to delene av skulderreima i ytterstoff.

Vreng ytterstoffet og tre det utenpå forstoffet slik at rette kjem mot rette. Nåle rundt alle kantar (ikkje bry deg om botnen av veska) og sy sammen på fylgjande måte (det er ikkje bilde på denne delen av prosessen):

Vrangsy innerdel og ytterdel sammen i bogen som går ned ei skulderreim over i veskedel og opp i andre skulderreima. Start ca 4 cm innpå skulderreima på den fyrste bogen og sy heilt til endes. Start heilt ytterst på den andre og avslutt ca 4 cm før enden på den andre sida.

Vreng og press.




Sy sammen skulderreima ytterstoff mot ytterstoff og innerstoff mot innerstoff – rette mot rette.



Vreng sømmen inn og press inn sørrommet i opninga.



Sy ei stikning rundt heile skulderreima og på kanten på veska på begge sider.




Sy ein fransk saum over botnen av veska. (Fransk saum= fyrst ein rett saum med rettisida ut (vrangle mot vrangle) -




-deretter klipper du tett inntil saumen (0,3-0,4mm) og vrenger du veska. Sy ein saum frå vrangsida (rette mot rette) som lukkar inne den andre saumen.



Du kan evt. gjere sy ein fransk saum òg i hjørnene som eg har gjort med denne veska. Den vil då ikkje bli fullt så flat. Legg då søm mot søm i hjørnet og sy over.



(Det er mulig at det blir mindre klumpete ved først å sy ferdig den franske saumen tvers over for så å gjere heile operasjonen for hjørnet.)



Breidde på vinkelen tilsvrar halve breidda på skulderrem.

M
O
T

B
R
E
T
T

Mål på grått felt er
21 x 30 cm
(tilsvarande eit
A4ark)

Legg til 12 cm ekstra breidde i underkant av mønsteret slik
at total høgde blir 42 cm (eller tilpass etter ynskje).